

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4.

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Baking.

Oppskr. av: Olav Fjørtoft

(adresse): Fjørtoft

Fylke: Nøre og Romsdal.

Herad: Haram

Bygdelag: Fjørtoft

Gard: Nøre Fjørtoft

G.nr. 3. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Oppskrifta er både:

- A. Etter eiga røynsle, slik som det har skiftet etter 1900 åra, og
- B. Etter det mi mor, fødd 1849 og død 1934, fortalte om mat og matskikkar i eldre tid - 1860 og ut til hundreårsstiftet. Ho var bondekone på grunn 3, bruk 3, Nøre Fjørtoft.

# Baking.

1. Føldole tid mol ein ~~søye~~ alt kornet på handkvernar. Dette var sikkert brukt til 1750-talet. Etter den tid kom bakkjekvernane etter kvart, og dei var i fullt bruk til tida 1900 til 1905. Da kom bygdemynlene til, og kornet var sendt dit. I fyrste året var gjerne kvar mann med og mol sitt eige mjøl der. Bakkjekvernene var sameige for to til 4 brukt. Med ekskifringa av uthmark=sameiga kom demmene og kvernane bort. Ii handkvern er emne alt på Nore Førloft.

All byggen mol ein til fint mjølkakemjøl og graut-mjøl.

Havren mol ein til fint mjøl og grovt mjøl. Det fine mjølet var kalla bakske-mjøl og brukt til flatbrod og avsåme til graut og. Det grove mjølet var åt hūsdyra. Den grovaste sorten av dette var grøp. Det holdt dei vera best til kyrne. Kornet til bakslemjøl brækte dei alltid å kasta nøyje før å få bort skal og lett korn. Det fæll-merga kornet var vanleg nemning for dette som då var latt, og avkast-kornet for det ringare. Det var då grøp-male. Namna veggerand og veggefalle er ukjent.

Byggnmjøl var nytta til kake - gjærsett omnsbröd-kake og flatk hellekake, lefse, kringler, vaflar, svelekake, rognkake og til graut. No er det kveikmjølet som mest vert nytta til brod (omnsbröd); byggen mest til graut og litt lefse. Men det

finaste havremjølet blir framleis mykta til flatbröd. Noko blir male til gryns, både av havre og bygg.

2. Mjølet. Det er kjent at det var brukt å sikta gjennom fintola siktesåld mjøl som skulle brukast til finare bakerverk som bryllupslefser, kringler og "krøta=kaker" og til jule=bakstern. Dei, "sælda mjølet", sa dei. Det grove mjølet gjekk da krøtera. Til vanleg kvardags-bakster, flatbröd og graut var det alltid usikta mjøl. Dei gamle siktesåld finst ikkje att lenger.

3. Dei gamle sa det var best å baka av mjøl som hadde stått ei tid. Det var både drygare og best på smaks. Slik er det og enno. Det var og drygask og best mjøl av årgamalt korn, mente dei. Difor var det vanleg å overliggjande korn på kvar gard. Dette kalla dei å ha "års fyreferd." (Nåmef enno i bruk) Å selja mjøl inn i et varmt rom var ikkje berekkt. Mjøl som kom rett frå kverna var kalla kvernavarmt mjøl.

4. Sammann for all slag mjølmat av korn var: 1) grön, 2) "å(d)". Av det siste kom ordtaket: "Det finst ikkje matsu i húset."

5. Baksten. Det var før intil 30 år sidan nokso vanleg at to bùn gjekk saman om bakingar (flatbröd) i same støve. Så lenge bùna stod saman i "landsbyar" var det heilt vanleg. Karane steikte og laga emner. Det var og dei som laga knoda ("knøa"), då dei var skerkast i armane. Det var og dei som tok bakinga som by

2.

arbeid hūshalda imellom. Flinke baksfe-  
kjerringar var det jānnast i bygda til  
flatbrod- og lefsebaking.

I stor-bakstuen var alltid før jūl og stod  
på i 2 dagar minst. Arbeidet tok til i 5-tida  
om morgonen og varde til seint på kveld.  
Kiddagsmaken baksedagane var kjøk og  
flesk. Dei to hovudemna i det gamle kost-  
haldet - „sūrb“ og „grjón“ - kom på bordet  
i rikeleg mengd.

Dei ymse slag brød og kake.

(1) Eldre tid. 1. Flatbröd. Det var eins  
til kvardag og helg, men finare til høgtid,  
bryllup og større gjestebod. 2. Lefse - mest  
til høgtid og gjestebod og til reiseniste.

3. Flate-kake: Var steikt av byggmjøl på  
undervarma helle - malmhelle. På same  
måten var steikt <sup>4</sup> vete-kake av mjøl, vaten  
og mjølk, og <sup>5</sup> rognkake. Her var det  
iblanda fiskerogn i deig-røra. (Vertemo  
brukt). 6. Lette-kake, av byggmjøl-deig  
sett med sūrdeig til kvarlags, og av rüg-  
mjøl til høgtider, bryllup og gjestebod.  
Kakene vart steikt i steikjeomnar som  
stod på grūa. Det var varme både over  
og under. Dette er den eldste forma for  
~~bak~~ steikjeomnar av jarn. Steikjeomnar  
av stein kan ingen hūgga var brukt her.

7. Krotakake. Desse var av same form, men  
av finare mjøl. Oppå var dei „krota“ eller  
pynta med verskild kringledeig i mønster  
og med namn. Vart laga til jūl, og verskilt  
til bryllup. 8) Vaffelkake - av mjøl, vaten og  
mjølk og steikt i verskilde mōnstra jarn.

Den gamle brødforma - selle-haka - tok slutt da komfyrene kom i bruk først i 1890-åra. Då kom den nye brödtypen som no vert brukt. "Kringler var og brukt til høgtid og et noko matbyte".

#### 6. Brød- og kakeslag no.

Det vanlege brödet til daglig og høgtid har langebröd-form og vert mest steikt i elektriske steikjeomnar. Mjølsortane er helst blanding av siktta og grovmale kveitemjöl. Såne brukar gjerne røg mjöl ag. Deigen er sett med fabrikk-gjær. Bröd av berre finsiktta kveite vert og brukt - mest til høghider og gjestebod. Hv dei aldre slag vert laga endå flatbröd og lefse, men i mindre mengder enn før. Hv andre bakverk kan nemnast: Vaflar, svelekake (som før), kronkake, harding lefse og nordlands lefse (innført her til Norge 1900). Dessutan vert det leaka flire slag kringler (frå vasokringlar til dei finaste sortar) og mange sortar kjeks og småkaker - og sjølsagt blautkaker av alle nyare slag. Hushald-skular, baktekårs og det moderne samkvemet mellom by og land har ført dette til bygdene all meir og meir, og no er det inkje skilje lengre mellom by og land og bygdene mellom i så måte.

All steiking gar no for seg i elektriske omnar eller i bakanomn i ~~ved~~ ved komfyren. Men flatbröd-og lefse-steikinga vert ~~alltid~~ malmhella med undervarme mylla.

#### 7. Gjesttron: Før (til kring 1920) var det

vanleg <sup>ha</sup> <sup>3</sup> finare brödmat - gjerne kjøpt i byen - til å se ha fram for framande gjester og slektfolk. Som prest eller batar til huset, laut dei ha slik "finare" mat. No er dette heilt steitt. Det einaste namnet på slik mat i bygdene her var "fine=mat".

8. Glokake er, og har vore i bygdene her.

9. Flatbröd. Berre til høgtider og bryllups var det bakt finare flatbröd. Det var bakt av byggmjøl og litt rügmjøl. Til kvardags var det berre flatbröd av havremjøl - likt både for høsbond og tenar. Det var ingen skildnad på folk i same høslyd. Handverkavar fekk av same slag som andre. Det var difor berre to slag - fine-bröd (jælebröd og brüllypobröd) og vardagsbröd.

10. Knekabröd. Det var ikke bruket her å smjørja rämjölk på flatbröd. Var berre på lefse ein gjorde det.

11. Leiv. Med ordet leiv meiner ein både det ferdigbaka flatbrödet før det er skikt og brodet etter steikninga. Ordet leiv har aldri vore mylla om skive av omstekkt bröd. Det brukte namnet her var alltid kakeskive, og av kjøpebröd skompe-skive. Nåmnet på fyrste og siste skiva av kake og (eller) bröd er skalk.

12. Lefse. Lefsa laga ein av byggmjøl med litt rügmjøl attåt og mjølk. No blir det brukte mykje sikta rügmjøl til lefse - elles slik som før. Lefsmjølet laut vera av den mest finmalne sorten. Det var berre to slag av lefse: Vanleg kvit lefse, og så

klint lefse, eller sniaka-lefse, som dette  
slaget var kalla her. Jule-lefso og bryllups-  
lefso var jamt av finare slag enn kvardags-  
lefso. Dette er gått ut no, då lefso ikkje lenger  
er kvardagskost. Ved 1900-talet kom harding-  
lefso og nordlandslefso hit og er framleis  
i bruk. Før i tida - (fram til 1900-åra) brukte  
ein alltid ~~lefse~~ til niste- og reisemat. Ved  
sida av byggkaka var lefso også nista  
fiskarane hadde med på havet (Byggkaka  
fram til 1880-åra)

Det ein smørde lefse med var mest  
råmyølk. Det var kalla lefse-snik.

"Sniaka lefso", sa dei, og slik lefse var  
heiter her sniaka-lefse. Det var med  
hendene ein "sniaka" lefso, og ofte kunne  
ein få fram fine mønster med det.  
Lefsekling er kjent, men ikkje mykje  
nyttu namn, og alltid om eit tilskori  
stykke av den heile lefso.

Skilnaden mellom lefse og flatbrod  
er: Lefsa er alltid mjuk steikt, medan  
flatbrodet er hardsteikt, eller skjerpa,  
som ein her seier. Difor kan ein ikkje  
bretta flatbrod utan at det brest, men det  
kan ein gjera med lefso.

13. Bretting. Flatbrod som skal leggjast  
bort brukar ein aldri bretta. Lefsa derimot  
 brukar ein bretta både til bortsetjing  
og til nistemat. Ein set og bort lefso  
utan bretting. Dersom ho då blir hard,  
dynkar ein ho fint med leinka vata og  
legg ho inn i klede. Då blir ho lett mjukt  
att.

Niste-lefsa og bryllupslefsa var bredda i fire. Lefse liggjande på stabbrøret var ofte bredda berre i to. Når ho då vart delt opp, var nemningane lesefjerding og lesekolve.

Lefse-leiven vart bredda etter han kom fra steikje-hella - aldri bredda på hella etter kvarst han steikfest.

Ein la gjerne litt farg på den ferdigbredda lefsa når ein la ho til gjøymings på stabbrøret, og på den som skulle vera niskemat.

Flatbrødet vart oppsløtt i stablar med farg på. Slik flatbrød stabel kallas "ein setning" - bröd-setning. Til dag lag bruk han det alltid ei korg (rund, og så vidt at leivane gjekk heile ned) inne på kjøkenet fyllt med brödleivar. Dette var brödkorga. Slike korger finst ennå att. Mange var fint utskorne eller rose måla.

#### 14. Gjær og sørdeig.

Gjær til bröddeigen - dersom ein ikke hadde gammal gjær - fekk ein på to måtar:

1) Ved å röva saman mjölk og valn og let det plå til, det kom gjaring til av seg sjölv. Hov lang tid dette gjekk er det vanskleg å seia no.

2) Den mest vanlege måten var å laga gjær-enne når ein bryggja øl. Ein hadde då ølgjær i eit hard-knoa-mjöleunne og tørka det. Slike unne kunne ein gjøyma i lange tider på ein tørr og kjølig plass.

A gjara bröd med øl var helst ikkje gjort andre tider enn når ein bryggja.